

FISKERIDIREKTØREN

Bergen, 6.11.1980.

LG/KD

MELDING FRA FISKERIDIREKTØREN

J. 159/80

Lisensiering av fiske/fangst i sovjetisk sone i 1981.

I 1981 vil alt fiske og all fangst i sovjetisk sone vere underlagt lisensplikt på same måten som i 1980.

Fartøy som vil delta i fiske/fangst i sovjetisk sone i 1981 må sende inn utfylt søknadsskjema til Fiskeridirektøren så snart som råd, og innan 22. november 1980.

Fiskeridirektøren vil understreke at det under forhandlingane om kvoteavtale har kome fram at fiske i sona utan lisens blir sett på som eit svært grovt brot på sovjetiske fiskeriforskrifter.

I inneverande år har det kome eit stort tal søknader om utviding og tillegg til allereide gjevne lisensar, det gjeld til dømes utviding av tidsrommet eller inkludering av fleire fiskeslag. For å unngå dette skal søknadene utfyllast med rommelege tidsrom og gjelde alle fiskeslag ein forventar å fiske i sovjetisk sone i 1981. Søknader i løpet av 1981 om tillegg, utviding o.l. til allereide gjevne lisensar må pårekna å ta lang tid.

Søknadsskjema kan ein få hos: Fiskerirettleiarane, fiskerisjefane, Norges Råfisklag, Sunnmøre og Romsdal Fiskesalslag, Sogn og Fjordane Fiskesalslag, Feitsildfiskernes Salgslag, Noregs Sildsalslag, Norske Trålerrederiers Forening, Fiskebåtrederernes Forbund og Fiskeridirektøren.

Det er ønskjeleg at det blir brukt skrivemaskin ved utfyllinga.